

Saksprotokoll

Kommunestyret

15.04.2021

Sak: 21/21

Tittel: Saksprotokoll - Detaljreguleringsplan Bruflat - Grandmo, slutthandsaming

Arkivsak: 20/860

Behandling:

Arbeidarpartiet v/Kåre Hønsi sette fram nytt punkt 7.1.1. c:

Alle bygg i området skal ha farger gitt av harmoniserande fargepalett bestemt for feltet. Vindskier og glas sine fargar er og gitt av denne paletten.

Fagpersonar set opp paletten og denne skal godkjennast av PFU.

Framlegget fekk 7 røyster og fall. (AP-gruppa og JOL.)

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for Bruflat – Grandmo med føresegnar datert 13.01.2021.

Kommunestyret legg til grunn at følgjande endringar er gjort, jf plan og forvaltningsutvalet si tilråding:

1. På sjølve plankartet skal gang- og sykkelveg SGS1 og SGS3 få ei tettare kopling, utan at den kan førast heilt saman.
2. På plankartet skal det visast siktsone/ siktline til alle kryss.
3. I føresegn 5.1.2 skal det inn eit pkt c: «Det skal utarbeidast ei geologisk vurdering av stabilitet i grunn.»
4. Det skal inn ei føresegn som oppmodar om at eksisterande trær på tomt skal visast på situasjonsplan ved byggeløyve, og at desse skal ivaretaast dersom muleg innanfor regulert bustadområde.
5. Reguleringsføresegnene pkt 7.1.1.c vert teke ut or planen.